

Anne Marit Varpen  
billedkunstner

oppvokst i Volda  
holder til i Volda (1953)



Bilda er ein kombinasjon av monotypi, foto, papir og akryl. Underlaget er ein interessant del av uttrykket. Er ho heldig, får noko av træt vere synleg i bildet så det gir ein struktur og fargetone til motivet.

Fargene hennar er klåre, men samstundes nyanserte. I bilda dyrkar ho dynamikken når primærfargane møtast.

Teknikken er abstrahert – og ho lager motiv med både rette, kanskje overraskende rette liner som møter mjuke former.

I mange av bileta finn du skikkelsar, personar som held på med sitt, men likevel kan observerast der dei lever livet – fullt av kontrastar. Dei opplever glede, leik, kjærleik, einsemd og melankoli, og mange av motiva har i seg bitar av ei forteljing, ei oppleving eller kan hende ein tilstand. Dette plasserer ho, ofte med ein annan teknikk, inn i eit skiftande landskap som også kan gi ei kjendsle av lyd og stille. Ikkje sjeldan dukkar store, vestlandsinspirerte fjell opp i bakgrunnen.

